

Ønskjer kandidatar til frivilligprisen 2017.

13.12.2017



Veronica T. Thorsen er travelt opptatt med årets julegåveaksjon medan ho håpar på mange gode framlegg til Frivilligprisen 2017.

**Frivilligprisen for 2017 skal delast ut på nyåret, og Kvinnherad frivilligsentral ønskjer no framlegg på kandidatar til denne. Leiар ved frivilligsentralen Veronica Thorkildsen Thorsen seier at ho veit at Uskedalen er full av flotte frivillige, og ho ønskjer også inn gode kandidatar her frå bygda. Dei vil ha inn framlegga innan 20.desember.**

«Prisen vert gjeve til ein initiativrik person, lokal foreining eller gruppe som gjennom idear og pågangsmot har betra trivsel for andre og medverka til eit meir ope, aktivt og trygt samfunn», står det i statuttane for prisen.

Veronica T. Thorsen seier at det vert stadig meir behov for den viktige innsatsen som frivillige gjer. I fjor var det Aslaug Torget Sjo som fekk prisen for den store innsatsen sin for eldre.

Prisen fungerer som ein motivasjon for andre som driv eller kan tenkja seg å driva frivillig arbeid, og sjølv om prisen dei siste åra har gått til godt vaksne folk, er også dei yngre like aktuelle. Ein 20 åring som har gjort ein stor frivillig innsats, er også ein utmerka kandidat.

Thorsen ber om at alle som har framlegg sender dei inn til Kvinnherad frivilligsentral med grunngjeving innan 20.desember. Epost-adressa deira er frivillig.sentralen@kvinnherad.kommune.no. I romjula vil frivilligstyret gå gjennom kandidatane, og bestemma kven som vert tildelt frivilligprisen 2017.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Kvinnheringen/Ole M. Røssland